

## HEI

Starten av desember ga kjensle av vinter. Fjelltoppene var pynta med et lett melisdryss....tenk viss jula vart kvit..., men på disse kantar er det vel ein ønskedrøm! Men før juleaktivitetane krev både tankar og hendar heilt, tek me eit tilbakeblikk på hausten. Her er eit bilde galleri:



## SAMISK MUSIKK

Tidleg i haust fekk me oppleve samisk musikk gjennom trommer og song. Det var i regi av rikskonsertane. Sjølve førestilling var ute i grillhytta vår, og stemning rundt bålgrya var god. Me vart oppfordra til å delta i songen, men samisk er ikkje sååå enkelt å syngja...På tross av dette klarte nokon av barna å gjette kva for eit dyr dei song om, blant anna ein hund. Heilt tilsutt fekk me prøve oss på Ante songen, den var litt enklare og truleg meir kjent for oss vaksne. Kanskje nokon hugsar den frå Barne-tv.



Tilja og Tofta

Tora Liv Thorsen og Kjell Espedal hadde ein liten førestilling om Brislingane Tilja og Tofta. Historia handla om ferda frå egg til vaksne brislingar. Som kjent hamna dei i hermetikkboksar, men før det vart dei salta. På kreativt vis trillar isopor kular ut over golvet for å illustrere det. Dette var til stor glede for barna. Ein fin lokal førestilling.



## LEIKETØYSBUTIKK

Dramagruppa frå kulturskulen hadde ein morsam førestilling. Typisk politi og tjuv forteljing. Tjuvar skulle stele bamsane, men bamsane vakna og vart levande. Ein av tjuvane var god til å sy, og enda på forteljinga var at når politiet kom og skulle ta dei, sa bamsane at; nei, me treng dei for dei kan sy og fiksa oss..., slik fekk tjuven som var god til å sy jobb.


## OFFISIELT BESØK

Rett før valet fekk me eit kort offisielt besøk av stortingspolitikar Eirin Sund frå Ap. På rundturen sin, ville ho gjerne sjå ein barnehage. Forsand barnehage var eit flot val, fordi me har mykje å vise fram, ikkje minst aktive barn i leik! Ho verka veldig interessert, truleg fordi ha har arbeidd i barnehage og har utdanning frå barneungdom faget (BUA). Med seg i fylje hadde ho distrikt - sekretær i LO, Øystein Hansen. Som bilde visar fekk dei fylgje av fleire i Forsand kommune. Styrar Bjarte Dagestad viste dei rundt og etter kommentarar og spørsmål å døme, var det tydeleg at dei likte alle fagromma og barnehagen i heilskap. Før dei hasta vidare vart det tid for meir spørsmål og ein kopp kaffi.



## DUKKETEATER

Et dukketeater kalla "Skromlehjulet" var hos oss i november. Det handla om ein mann Baron Lasaron som møtar ulike folk og dyr på sin veg. Kjøkkenet var heilt mørklagt, og det var ein spennande og morsam førestilling. Barna fekk med seg mykje.



## JUNGELENS DYR



På aktivitetssenteret underholdt rikskonsertane med eit syngjande par. Dei song om "jungelens dyr". Dette var i tråd med barnehagens tema: Jonas i jungelen. Heile barnehagen tok turen.